

Låt o' Link

Medlemsblad for Valdres Folkemusikklag

Nummer 4

november 2006

Årgang 16



3. desember kan du ta deg ein skarkedans i Rognebygningen eller Flatøygardsbygningen på Valdres Folkemuseum. (Postkort utlånt av Nils Rogn)

- ◆ STJERNER FRÅ VALDRES
- ◆ LfS STRAMMAR INN LIVREIMA
- ◆ FOLKEMUSIKK SOM MERKEVARE
- ◆ LANDSKAPPLEIKEN 2006 PÅ FILM
- ◆ DRAMAET KRING BUNAD- OG FOLKEDRAKTRÅDET

GODE LESAR AV LÅT `O LINK!

November og desember er aktive kulturår. Då kjem mange lag, organisasjonar og kulturskular på banen for å syne fram aktivitetane dei driv med. Det er julekonsertar, juleshow, julemesser og rakfisklag. Er ein aktiv som publikum, kan ein på nokre veker la seg imponere over kor dyktige folk er både til å skapa rammer og innhald. Men ein kan ikkje sjå føre seg all motivasjon, slit, arbeid og innsats som ligg bak der resultatet ser leikande lett ut. All ære til alle som står på! Kultur skapar mening i livet.

Som Vfl-medlem kjenner me godt vårt eige miljø og innsats på eigen arena. Mykje blir drive som reine folkemusikk- og danseaktivitetar, men det blir òg samarbeidd med andre sjangrar. Det gjeld å tenkje bevaring av det reine, og det gjeld å skapa samarbeidsmiljø. Dette er ikkje minst viktig i kulturskulen.

Artig er det òg å sjå at andre som ikkje vankar i våre miljø, tek i bruk folkekulturen. Eit døme på det er "So ro"-prosjektet som Nord-Aurdal kommune er med på for 2001- og 2002-kulla i barnehagen. Lokalt miljø er i liten grad innhenta som ressursar, men Rikskonsertane er tungt inne. Det viktige er at ungene får haldningar til norsk folkekultur, og at små frø kan bli sådde hjå dei som skal føre arven vidare.

Jan B. Granli og Gunnar Amundsen er òg ute og sår frø med eit rekrutteringsprosjekt i skulen for Nord-Aurdal og Vestre Slidre. Dette går gjennom kulturskulen. Flott at det blir tenkt slik attåt det faste, veletablerte! For Vfl og lokallaga er det viktig å fylgje med på kva som skjer, og fylgje opp. Leiarmøte og årsmøte må byggje planar på det reelle, og det er nok å ta fatt i på nyåret. Men så lenge, – nyt førjulstida, som er utstillingsvindauget for kulturlivet gjennom året! Og så ynskjer me i styret for Valdres Folkemusikklag alle ei retteleg god jul og eit godt, aktivt 2007!

Oddrun Hegge

FRIST FOR STOFF TIL LÅT O' LINK 2007

1/2007: 15. januar

2/2007: 1. april

3/2007: 1. september

4/2007: 15. november

Fristane for stoff til nr. 2–4 kan bli justerte noko, ut frå aktuelle hendingar. Bladet kjem til lesarane om lag ei veke etter stoff-fristen.

SKARKE PÅ VALDRES FOLKEMUSEUM

Sundag 3. desember frå kl. 12 til 16 er det den tradisjonelle skarka på Valdres Folkemuseum.

Nytt av året er mellom anna ope folkemusikkhus. De er hjarteleg velkomne til å høyre og sjå gamle opptak på arkivet, og ta ein titt på dei nylaga instrumenta til instrumentmakarane. Ingar held kåseri om ulovleg dansespel på 1700-talet, og på arkivet kan de lære lokale julesongar. Det vert også sal av CD-ar, DVD-ar, kassetar, bøker, strenger, og varer etter landskappleiken.

Øystre Slidre spel- og dansarlag underheld i Rognebygningen. Vennelaget for Valdres Folkemuseum har musikk, dans og bakst i Flatøygardsbygningen, og held basar i Slidrehuset kl. 14.

Elles kan du oppleva:

- Demonstrasjon av tradisjonell bakst og handverk
- Forteljing, kåseri, folkemusikk og -dans
- Du kan sjølv støype ljøs, tove juleple, baka hardangerlefse og steikje lappar
- Rideturar for born
- Sal av lapskaus, lappar, saft og kaffi
- Sal av julegåver i museumsbutikken

Prisar som tidlegare:

- Barn: kr 10,-
- Vaksne: kr 40,-
- Familie: kr 70,-

Kom og opplev den gode førjulsstemninga på museet!



Vakre tonar frå Gunnar si fele under ei tidlegare skarke. (Foto: Bjørn Karsrud)

HILMEN OG HEMSING I KJEMPESJANSEN

Tre valdrisar med bakgrunn i folkemusikkmiljøet har gjort suksess på NRK sin programserie Kjempesjansen no i haust. Ola Hilmen (Valkyrien Allstars), Ragnhild Hemsing og Eldbjørg Hemsing har spelt seg inn i alle nordmenns hjerte. Laurdag 18. november var dei klare for finalen i konkurransen.

Ola Hilmen og Valkyrien rauk ut i fyrste finalerunde, medan Hemsing-systrene spelte seg inn i "Superfinalen" og kjempa om sigeren heilt til siste slutt. Etter at publikum og fagdommarar

hadde sagt sitt, var resultatet klart – Ragnhild og Eldbjørg vart nummer to. Både Hilmen og Hemsing-systrene var strålende fornøgde etter finalen. Gjennom programserien i haust har dei samla med seg fleire hundre tusen kroner i premiar – kvar. Det er noko til deltakarpremie, det!

Under avslutningsfesten i NRK fekk dei tre ungdomane overrekt kvar sitt diplom frå regionrådet i Valdres, og ein sjekk på 10 000 kr kvar.

Dei har alle oppnådd mykje heider denne hausten. Ragnhild fekk Øyvind Bergs minnepris i august, Valkyrien Allstars fekk Grappas debutantpris i september, og Eldbjørg vart kåra til "Årets musikar" under ungdomsmeisterskapen som Norsk kulturskoleråd og Norske Musikk læreres Landsforbund arrangerer.

Låt o' Link sluttar seg til gratulantane og seier berre: GRATISS!



MERKING AV FOLKEMUSIKARAR OG FOLKEDANSARAR

Regionrådet for Valdres har i lengre tid arbeidd med prosjektet Valdres natur- og kulturpark, og på nyåret skal kommunestyra ta stilling til om dei vil slutte seg til planane. Gruntanken i prosjektet er at den framtidige verdiskapinga skal byggje på kvalitetane i lokal natur og kultur. Merking av lokale produkt er eit stikkord her.

Valdres natur- og kulturpark treng mange samarbeidspartnarar. Fylket og departementa er nokre av desse, og dei krev at valdres-regionen utformar prosjektet som eit såkalla charter, dvs. eit avtaledokument. Her er kultur

eitt av mange arbeidsområde. Regionrådet arbeider i desse dagar med å få på plass handlingsprogrammet for kultur. Folkemusikk- og folkedansradisjonane i Valdres er her nemnt som viktige kvalitetar i den lokale kulturen vår.

Den framtidige merkinga av kvalitetsprodukt frå Valdres vil krevje ei kvalitetssikring. Skal ein lykkast med prosjektet, er det viktig at ein heile tida er klar over kva og kven ein fyller prosjektet med. Spørsmåla blir derfor: Korleis gjer ein dette? Kven skal få lov til å bruke kvalitetsmerka frå Valdres natur- og kulturpark? Kven bestemmer kva, og skal merkinga vera fritt fram for alle?

Valdres Folke-musikklag og Jørn Hilme-stemnet var inviterte til kaféseminar på Slidrehuset, torsdag 26. oktober. Det vart ein spennande debatt om kva slags kulturuttrykk ein bør satse på i den framtidige merkevarebygginga. Elizabeth Bjørn-Hansen frå Forum for kultur & næringsliv understreka kor viktig det er at slike prosjekt byggjer på det genuine for distriktet, det som ingen andre har, og det som skil oss frå resten av verda. Aud Søyland, som møtte for Valdres Folkemusikklag, meinte at folkemusikk og folkedans fell klart inn her, saman med det lokale talemålet, matkultur, draktskikk og lokal byggeskikk.



Elizabeth Bjørn-Hansen syntest at Henning Smith og Aslag Hamre kunne presentere mykje god valdreskultur med tanke på i merkevareprogrammet. (Foto: Geir Helge Skattebo)

Redaksjon for Låt o' Link: Aud Søyland, Knut Aastad Bråten og Ole Aastad Bråten
Formgeving: Nils Leine. Trykk: Solveig Hårdnes.

Ta gjerne kontakt med redaksjonen! Tlf.: 990 37 584 – E-post: aud.soyland@bbnett.no

ÅRSMØTE UTAN GNEIST OG ELD

Landslaget for Spelemenn la i år årsmøtet til Steinkjer i Nord-Trøndelag 3.–5. november. Merkeleg nok møtte ingen representantar frå lokallaga i Valdres eller Valdreslaget i Oslo. Kan hende freista Rakfiskfestivalen meir enn bunkar med årsmøtepapir. Uansett bør valdrisane kjenne besøkelsestida si: årsmøtet er ein viktig arena der medlemmene i LfS kan synge ut både for styret og andre møterepresentantar.

Årsmøte er, som dei fleste veit, gjennomgang av aktivitetane og rekneskapen frå året før, og budsjett og arbeidsprogram for det komande året. Aktiviteten i LfS syner stor og veksande aktivitet for 2005. Landskappleik, Landsfestival, Folkelarm, Den norske Folkemusikkscena (DNF), Spelemannsbladet, www.folkemusikk.no og tradisjonsseminar er berre nokre av dei store prosjekta som krev meir arbeid, tid og pengar frå organisasjonen. Det høge aktivitetsnivået vart framheva frå fleire i møtelyden.

Rekneskapen for 2005 syner diverre eit underskot på bortimot ein halv million. Dette er eit skræmmande stort underskot. LfS har som ein konsekvens av dette sett i verk nødvendige tiltak for å redusere underskotet. Styret fekk også ros for dei økonomiske snuoperasjonane som allereie var gjort. Mellom anna er stillinga til redaktøren av Spelemannsbladet redusert frå 100 til 80 %. Budsjettpostane for Folkelarm, DNF og arbeidet i styret er også redusert som ein konsekvens av underskotet. Ikkje uventa var det underskotet i Spelemannsbladet som vart gjenstand for debatt på tampen av møtet, utan dei store konklusjonane.

Kor årsmøtet i LfS blir neste år, er enno ikkje bestemt. Oppmodinga før neste årsmøte må likevel vera: møt opp!

FOKUS PÅ FOLKEKULTUR – TRENG VI BEHALDE BUNAD- OG FOLKEDRAKTRÅDET I VALDRES?

Diskusjonen rundt framtida for Bunad- og folkedraktrådet på Fagernes har utløyst eit lokalt, tverrkulturelt engasjement. Men syner denne saka at kontakten og samarbeidet mellom ulike kulturalarbeidarar, kulturinstitusjonar og det offentlege Valdres bør bli betre? Treng vi eit lokalt forum for tverrkulturell debatt?

**Oppe debattmøte med innleiingar på Valdres Folkemuseum
torsdag 30. november kl. 19.00. Enkel traktering, gratis inngang.**

Arr: Valdres Folkemuseum og Regionrådet for Valdres

SISTE MØTE I LK-GJENGEN



Landskappleik-komiteen avslutta arbeidet sitt med møte heime hjå Kjersti H. Løvold og Bjørn Strand 27. september. Ein blid gjeng, som de ser, trass i eit økonomisk sjokk denne kvelden. Men kappleiken gjekk jo så bra elles!

Frå venstre Ove Skaret, Kjersti Helgesen Løvold, Tone Irene Meisdalen, Anne Marie Aastad Bråten, Jorunn Nordli, Anne Karen Strand Moen, Nils Rogn, Håkon Einar Berge og Oddrun Hegge. Leiar Ola N. Døvre og Magny S. Karlberg var forhindra i å vera med. (Foto: Knut Aastad Bråten)

RESTLAGER

Valdres Folkemusikklag sit att med ein god del plast- og pappservice etter Landskappleiken i sumar. Dette har me sterke ynske om å selja. Kjenner de til arrangement utover vinteren som brukar slikt, og som like radt kan kjøpe billigvarer frå oss?

Gje attendemelding så fort de kan, om de vil kjøpe, eller har tips på potensielle kundar.

De kan få kjøpt:

- ølkrus, grautetallerknar
- kaffikrus med og utan lok, kaffifilter
- raudvinsglas, kvitvinsglas
- antistatiske plastbeger, bestikk , asjettar, serviettar
- appelsinmarmelade



FREDAGSDANS MED NOKO ATTÅT

Fredag 1. desember må kryssast av i kalenderen, då er det fredagsdans med rakfiskbausar og "Økshovd-konsert". Dørene opnar kl. 20.00 med dans og hugnad. Kl 20.30 må alle vera på plass for å få med ein smakebit på Økshovd-spel, framført av Ola Okshovd, Trygve Bolstad og Magne Olav Selland.

Dette er siste fredagsdansen i 2006. Store og små, bygdefolk og tilreisande er hjarteleg velkomne.

Øystre Slidre spel- og dansarlag

NYTTÅRSFEST I ØYSTRE SLIDRE

No er det snart jul, og like over jul tek eit nytt år til. Dette skal me markere på tradisjonelt og triveleg vis på Herangtunet i Øystre Slidre, der Øystre Slidre spel- og dansarlag ber inn til nyttårsfeiring. Alle tek med mat til ein festbuffé, og Valdres Gardsbryggeri vil syte for lokalprodusert drikke.

Kjøkemeisteren vil leie alle gjennom kveldens program, der ei nyttårstale sjølvsagt høyrer med. Dans skal det også bli, og dugande spelemenn vil syte for godt dansespel heile kvelden til endes. Inngangen til det nye året blir markert utan rakettar, men i staden med eit stort og varmande nyttårsbål. Hjarteleg velkomne til nyttårsfeiring i Øystre Slidre!

Påmelding innan 20. desember til 971 81 545 / 992 95 056 eller ingvilie@yahoo.no

JULEFEST I LAGET FOR FOLKEMUSIKK

9. desember kl. 19.00 i Holsts gate 3, Sagene festivitetshus, Oslo

* Konsert med Ola Hjelle og Anders E. Røine

* Runddans til Kolden og co

* Mange ulike bygdedanser, bl.a. valdresspringar med Kjellbjørn Karsrud.

Se også: www.lagetforfolkemusikk.org

SPRINGARØVING PÅ KVAMSHALL

Vestre Slidre folkemusikk- og danselag og Valdreskvelven held fram med øvingskveldane på Kvamshall annankvar onsdagskveld kl. 1900–2100 slik:

10. og 24. januar, 7. og 21. februar, 7. og 21. mars, 11. og 25. april, 9. og 23. mai og 6. og 20. juni 2007.

Både uøvde og øvde dansarar er velkomne.

Open gard på Hjelle i Aurdal alle helger i desember!

I gardsgalleriet har me salsutstilling av glas som glaskunstnaren Lars Kværne har laga. Her er det julegåveidear i alle prisklasser. Sal av juletre og pyntegrønt! Sauene tek imot besøk i fjøset, og du kan lage julepynt av ull i eldhuset.

Dersom ver og føre tillet det, kan du vere med på sledetur med faklar og dombjølleklang! Me ynskjer velkomen til gards laurdagar og sundagar frå 1200-1700, heile desember!

www.larsglass.com

www.hjellegard.no



Velkomen innom!

FILM FRÅ LANDSKAPPLEIKEN


Hugsar du landskappleiken på Beitostølen i år? No kan du friske opp minnet, – eller om du ikkje var der, få ein DVD som syner noko av det som skjedde. Du kan sjå hestefølgjet som kjem frå vest, glimt frå tevlingar og folkeliv, bli med bak kulissane og ikkje

minst på utdeling av æresmedlemskap til Ingar og hallingkast så flisene fyk. Ikkje nøl med å bestill. Kanskje er dette også ei fin julegåve? Filmen er laga av Kjell Einar Kana og kostar 200 kroner + eventuell porto. Stikk innom eller bestill frå Valdres Folkemusikklag, 2900 Fagernes, tlf. 61 36 46 71 eller på e-post: post@valdresfolkemusikklag.no



Kongepokalvinnar Knut er med på landskappleikfilmen. (Foto: Nils Rogn)

Mjølkerampa



”YTRINGSARVEN”

13.–15. oktober var det representantskapsmøte i Rådet for folkemusikk og folkedans (Rff) i Trondheim. Frå Valdres møtte Aud Søyland for folkemusikklaget og undertekna for folkemusikkarkivet. Det var dei vanlege årsmøtesakene som var oppe, men for oss frå Valdres var møtet likevel ganske uvanleg, og grunnen til det var nokre avsnitt i framlegget til arbeidsplan. Under avsnittet ”Fagleg arbeid og kulturvern” sto det eit punkt om den nye Unesco-konvensjonen for ikkje-materiell kultur, og her heitte det m a: ”Rådet vil undersøke muligheten av å samle de brede, gamle, nært beslektede og vel etablerte revitaliseringsbevegelsene for folkemusikk, folkedans og bunad under termen ’ytringsarven’.”

Det høyrst i og for seg ikkje så dramatisk ut, men tysdagen før hadde me vore i Stortinget og høyrte Bunad- og Folkedraktrådet (BFR) orientere om same saka for kulturkomiteen, og gjennom avisa Valdres hadde me sett kopi av den teksten BFR hadde sendt inn før møtet. Der var etablering av omgrepet ”ytringsarven” direkte kopla til ei samlokalisering av Rff og BFR – i Trondheim. Rett nok vart det sagt at denne teksten, som var sendt via eit skjema på Internett, var ein glipp, men me fann likevel grunn til å gå grundig til verks, og sjå kritisk på det nye omgrepet.

Til meir me tenkte over det, til meir søkt og underleg framsto ”ytringsarven” både logisk og praktisk. Logisk m a fordi uttrykket ”ytring” fyrst og fremst blir brukt om språklege ytringar, som ikkje var omfatta av ”ytringsarven”, og praktisk fordi det å dra inn bunadarbeidet etter vår meining var å dra søkjelyset vekk frå det ikkje-materielle kulturvernet. Rett nok kan ein seia at bunad- og folkedraktarbeid har immaterielle sider, men å nemne registrering av draktdelar i samband med immateriell kulturarv, slik det vart gjort overfor Stortings-komiteen, blir meiningslaust. Draktdelar er sjølvsagt materielle, og når me no gjennom Unesco-komiteen endeleg har fått sett søkjelys på den immaterielle kulturarven, må folkemusikken og -dansen prøve å dra mest muleg nytte av det, og ikkje forstyrre biletet med å dra inn utanforståande element og etablere nye og vanskeleg forståelege omgrep, meinte me.

Dette fekk me heile møtelyden med på. Avsnitta om ”ytringsarven” vart samrøystes strokne frå arbeidsplanen.

Elles var me einige i det meste som vart lagt fram på møtet, – ikkje minst at Hilde Bjørkum fekk Rff-prisen for 2006!

Ingar Ranheim

Kjøp frå Nord-Aurdal Mållag:

"Museguten Zakkarias",
barnebok av Oddbjørg Bjerke
kr 198,-

"Stevleik", nystev av Olav
Gullik Bø
kr 149,-

Nynorske helsingkort, 9 ulike
motiv
kr 18,- pr. stk.

Er i handel hjå dei fleste
daglegvarebutikkar i Valdres,
og i bokhandlane.

Du kan òg tinge på e-post:
n-aurdal.maallag@c2i.net
tif. 971 76 868, eller faks 61 35
90 22



Museguten
Zakkarias



Olav Gullik Bø

STEVLEIK

i
skjemt
og
alvor



Kvitvella Forlag

ASLAK OG JAN

I januar arrangerer folkemusikkscena i Valdres konsert med landskappleikvinnarane på fele og hardingfele, Aslak Brimi og Jan Beitohaugen Granli. Datoen er ikkje endeleg bestemt, sjå annonse seinare.



Jan gir alt han har på scena på Beitostølen.



Aslak er strålende fornøgd etter stor innsats på kappleiken.

Meld deg på

UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING 2007!

UKM 2007 går av stabelen laurdag 17. februar i Kulturhuset på Fagernes.

Det deltok bortimot 100 ungdommar på kulturmønstringa i fjor. 45 av dei stod på scena, 30 deltok på utstillinga og 17 hadde laga video. Det er imponerende!

Men medan vi hadde fem rockeband, to dansegrupper og tretten ulike instrumental- og songinnslag, var berre eitt av desse innanfor folkemusikk-sjangeren. Dette håper vi du kan gjere noko med! Vi veit at det finst mange dyktige, unge folkemusikkutøvarar i Valdres – meld deg på Ungdommens kulturmønstring i DAG!

KVEN KAN DELTA?

UKM er for ungdom mellom 13 og 20 år. Ungdom under 13 år kan delta dersom dei er medlemmer av ei gruppe med eldre ungdommar.

KORLEIS MELDER DU DEG PÅ?

Du kan melde deg på ved å ringe kulturkontoret i kommunen eller ved å klikke på www.ukm.no!

Med helsing kulturkontora i Valdres ved Anne Strand Moen

FOLKEMUSIKKUNGDOM – MELD DEG PÅ UKM!

Folkemusikarar og -dansarar har glimra med sitt fråvær under UKM dei siste åra. Tidlegare utgjorde dette ei av dei største gruppene under mønstringa, men i fjor var det berre med eitt folkemusikkinnslag.

– Dette er svært synd, seier Anne Strand Moen, kultursjef i Øystre Slidre kommune, og ein av medarrangørane av UKM. – Eg veit det skjer mykje spanande innanfor denne sjangeren for tida, seier Strand Moen, og siktar til stjernene i Valkyrien Allstars.

Redaksjonen oppmodar alle unge folkemusikarar og folkedansarar i Valdres om å melde seg på UKM i 2007. Dei som gjer det innan 15. desember, kan vente seg ei hyggeleg gåve til jul frå Valdres Folkemusikklag!

VIKTIGE NETTADRESSER

Valdres folkemusikklag: www.valdresfolkemusikklag.no

Strunkeveko: www.strunkeveko.no

Jørn Hilme-stemnet: www.hilme.no

Landslaget for Spelemenn: www.folkemusikk.no

Landbruksforsikring

Vi kan ordne alle forsikringar for gardbrukarar,

- Bolighus
- Driftsbygningar
- Løsøre
- Husdyr
- Traktorar
- Ulykke

Ta kontakt med din lokale sparebank eller Torbjørn Langødegård ved vårt felles salgskontor på Fagernes



Private forsikringar

Vi kan ordne alle forsikringar for privatkunder

- Bolighus
- Biler
- Fritidseiendomar
- Motorsykkel / moped
- Reiserforsikring
- Verdigenstandar

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes

Livsforsikring

Vi kan dekke alle dine behov for forsikring av liv og helse

- Død
- Uførekapital
- Uførepensjon
- Operasjonsforsikring
- Kritisk sjukdom
- Barneforsikring

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes



Etnedal Sparebank – tlf. 61121500 – www.etnedalsparebank.no
Vang Sparebank – tlf. 61367600 – www.vang-spb.no
Vestre Slidre Sparebank – tlf. 61343600 – www.slidrebanken.no
Øystre Slidre Sparebank – tlf. 61340950 – www.osbank.no
Salgskontor Fagernes – tlf. 61366638 – www.sparebankgruppa.no

På sporet av kvinnelege førebilete i Folkemusikk-Valdres (III)

KVEDAREN I DEN VESLE STOGO VED VEGEN

”Um musikaliteten hennar er å seia at han i eitt og alt svarar til den som sermerkjer dei beste av deim som har bori uppe den folkelege tradisjonen i tonar her til lands.” Det skreiv Erik Eggen om Ragndi Moen frå Leira i 1940.

Ragndi Moen var fødd i Vestringsbygde i 1846, eller i ”Vestringsgardo”, som ho sjølv sa når ho fortalde frå barndommen. Ho voks opp på plassen Flaten under Vesterbø. Der fekk ho lære seg å arbeide, og arbeide gjorde ho til ho døydde som 91-åring i 1937, fortel Knut Hermundstad i boka *Bondeliv*. Samrøddor og song etter Ragndi Moen. Kvar gong han kom innom, dreiv ho med bundingen sin, eller ho spann, karda, hekla, – eller var på tur ut i fjøset for å stelle dyra.

I 1874 gifte Ragndi seg med Carl Tomassen frå Värmland. Fyrst budde dei på plassen Huskopp som høyrde til Kulterstad. Sidan var dei på Nedre Dale, på Nordåkbakko, og igjen på Dale, før dei kom til Moen på Leira. Mannen hennar dreiv med brotning (tømmerfløyting) om vårane, og var dessutan koparslagar, knivmakar, gjørtlar og bygdefeiar i kommunen. Dei fekk fem born som voks opp.

Ragndi lærte nok ikkje berre å arbeide heime på Flaten. Til Hermundstad har ho fortalt om skikk og bruk frå gamalt – om matstell og krøterstell, overtru og gudstru, sjukdom og helsebot, likferd og bryllaup – og ikkje minst fortalde ho segner og song for han.

I boka *Bondeliv* har Hermundstad teke med 35 songar etter Ragndi Moen, dei fleste med notar. Det var Erik Eggen som skreiv ned melodiane ho brukte. I tida 1929–1931 fekk han notert om lag 80 folketonar etter Ragndi.



Ragndi Moen 90 år.



Den vesle raude stogo til Ragndi stod på Leira, sør for Valdres Bakst, heilt fram til 2005, men no er ho borte. (Foto: Bjørn Karsrud)

Det var ein elev ved Valdres folkehøgskule, der Hermundstad var lærar, som meinte at han burde ta ein tur til Ragndi, han som var så interessert i alt gammalt. Det var i 1929, og det vart mange turar dit, heilt til den siste tida ho levde. Ho var ”fullt rørefør like til det siste”, skriv Hermundstad.

Eggen seier om songen hennar: ”Det forvitnelegaste i musikk-historisk lei ved songen hennar var dei ymse skala-formene ho kunne nytte, – sjølv sagt utan at ho visste det sjølv. Sume retteleg gamle intervall kunne vise seg i ein einaste eller berre nokre få melodiar (...) Det lærerikaste dømet torer vera ’O lalla Mattea’, som i fyrsten og i fleire seinare bolkar viser eit tonalt vyrke som var vanleg i moll på 1600- og 1700-talet”. Det er då ein kjenner den historiske susen!

Aud Søyland

LEIK MED STEV

Stevjinga har i liten grad overlevd i den forma ho hadde i gamle dagar, då folk kunne stevja til kvarandre på sparket i eit lystig lag. Men stevet er ei fin uttrykksform for den som gjerne vil seia nokre fyndord i versform.

Noko av kunsten er å få uttrykt seg kort og konsist, og poenget bør helst koma i siste linje. Denne kunsten meistrar Olav Gullik Bø, som har skrivne stev under signaturen ”OL-gull” i avisa Valdres i fleire år. No er dikta utgjevne på Kvitvella forlag under tittelen Stevleik i skjem og alvor.


Det finst mange stevtonar, og eit ekstra pluss med stevboka til Olav Gullik er at han har teke med åtte stevtonar, som er nedteikna av Bente Ingholm Hemsing og Henning Andersen. Den fyrste er den kanskje mest kjende stevtonen: ”Til lags åt alle”, medan dei sju andre er stevtonar frå Valdres.

Aud Søyland

O lalla Mattea'.

O lal-la Mattea, o kom no her! Her e mitte, o
her e ber! Her e søl, o her e hest! Her e
klukke, o her e prest! Her e den søn du li-ka best!
Her e al-lo gae stae her; men der e alder de grand
der! O ei-te du Mattea, so svara du mé på laggan
lal! O lo-ne de; so svara no mé, ner é lal-la te de!
Långgöva
Lal-la é te de, svara du mé! E du min vän; svara mé
i-gjen nei heller ja, ket heller bra! Ås-te-dagars dag
kom på sama sta! Lal-la Mattea, lal-la mé, lal-la!
Svensk
O tack ska du ha fer du svara no mé! O tack ska du ha
fir du svara no mé! Den finaste gu-ta é gjeva ska de;
o den ska du ha fer du svara mé, ner é lalla te de.
1 Fortsatt = tyder 1/2 h.
2 - 1775. 68.

B



Nyttige namn og nummer

Lag	Leiar/kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	E-post
Begjafjom spel- og dansarlag	Trygve Bolsstad	61 34 96 94 (p)	959 73 004	
Einbeid spel- og dansarlag	Elihen Wiborg Samnerud	61 12 11 94	959 01 967	
Valdreskvevven spel- og dansarlag	Kari Hagaseth	61 36 82 27 (p)	988 57 553	hagaseth_vang@hotmail.com
Valdreslaget i Oslo	Elisabeth Bring	22 13 79 64 (p)		elisabeth.bringg@c2i.net
Vestre Slidre spel- og danselag	Randi Før	61 34 42 10	915 77 695	randifoer@online.no
Vartfaunnen spel- og dansarlag	Gunnar Kvaerne Amundsen		971 85 725	hjelleguten@hotmail.com
Øystre Slidre spel- og dansarlag	Magny Smedsrud Karberg	61 34 24 48 (p)	905 92 240	magny_k@online.no
Valdres Folkemusikklag	Oddrun Hegge	61 36 56 52 (p)	971 76 868	audubr@online.no
Strunkveko	Ole Aastad Bråten		907 63 635	aastadguten@hotmail.com
Valfag i tradisjonsdans	Tone Voldhaug		992 33 979	tvoldhaugg@hotmail.com
Vfl og Jørn Hime-stemmer, dagleg leiar	Solveig Hardnes	61 36 46 71 (a)	905 12 055	post@valdresfolkemusikklag.no info@hime.no
Strunkveko, dagleg leiar	Stian Roland	61 36 46 71 (a)	994 48 486	leiar@strunkveko.no
Valdres folkemusikarkiv	Elisabeth Kvaerne	61 35 99 32 (a)	900 45 834	elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no
LFS	Randi Skeie	61 26 10 42 (p)	995 22 538	randi.skeie@folkemusikk.com
LFS, dagleg leiar	Magnar Sundt	22 42 45 30 (a)	950 85 647	lfs@folkemusikk.no

RETURADRESSE:

VALDRES FOLKEMUSIKKLAG, TYINVEGEN 27, 2900 FAGERNES